

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 02.12.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF – status og framlegg om rullering**

ARKIVSAK: 2021/19
STYRESAK: 29/21

STYREMØTE: **09.12.2021**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek status for arbeid med SAV strategiplan 2018-23 og framlegg om rullering til vitande.

Oppsummering

Administrasjonen legg opp til gjennomgang og revidering av SAVs strategiplan Q1-Q2 2022. Behov for revisjon av plan er løyst ut av endringar i kontekst, samt av tidsaspektet (tre år sidan oppstart av planperioden). Administrasjonen vurderer at arbeid med oppfølging av noverande strategiplan har hatt god framdrift, men og at oppfølging av denne må sjåast i lys av særleg dei store teknologiprosjekta som organisasjonen er og har vore involvert i dei siste åra.

Fakta

Noverande strategiplan for Sjukehusapoteka Vest blei utarbeidd i 2018 for perioden 2018–2023, basert på Helse Vest sin strategiplan Helse 2035. Strategien er operasjonalisert gjennom fem fagplanar, ein for kvart verksemdsområde, med tillegg av området forskning, innovasjon og utvikling.

Strategiplanen har tiltaksområde som svaraomrer til tilsvarende område i regional strategiplan:

- Kvalitet og pasienttryggleik
- Kommunikasjon og prioritering
- Pasientar med fleire sjukdommar
- Eit heilskapleg helsevesen
- Strategisk samspel med dei private
- Auka verdiskaping
- Spesialisthelsetenester utanfor sjukehus
- Forsking, innovasjon og teknologi
- Våre medarbeidarar
- Leiarskap
- Struktur og organisering

Administrasjonen legg opp til gjennomgang og revidering av strategiplan Q1-Q2 2022. Dette skal vere ein revisjon og ikkje ei full rullering av planen, og vil reflektere ressurspådrag i arbeidet. Det vil bli utarbeidd framdriftsplan for arbeidet som mellom anna inkluderer ressursplan og plan for involvering av ulike interessepartar. Vi er no midtvegs i strategiperioden, samstundes er organisasjonen påverka av ulike tilhøve som verkar inn på kva område som bør prioriterast framover, mellom anna pandemien, nye oppgåver, arbeid med topp-5-risiko i Helse Vest, hending i 2020 ved Sjukehusapoteket i Bergen og endringar på teknologiområdet.

Kommentarar

I samband med utvida leiarsamling i SAV 1-2.11.21 blei det gjort overordna vurdering av måloppnåing på prioriterte tiltaksområde i strategien.

Tabell 1: Måloppnåing SAV strategiplan 2018-23

Tiltaksområde	Tiltak og vurdering av status (raud, gul, grøn)
Kvalitet og pasienttryggleik	1. Førebyggjande tiltak og arbeid mot antibiotikaresistens 2. Standardisering og prosessforbetring 3. Kvalitetsleiing og bruk av indikatorar
Kommunikasjon og prioritering	1. Oppfølging av brukarerfaringar og kvalitet 2. Tilrettelegging for pasientmedverknad 3. Berekraftige prioriteringar
Pasientar med fleire sjukdommar	1. Pasientorientert teneste og struktur 2. Tverrfaglege og heilskaplege pasientforløp som inkluderer legemiddelområda 3. SAV skal levere breiddekompetanse og koordinering
Eit heilskapleg helsevesen	1. Føremålstenleg ansvars- og oppgåvedeling

	2. Utvikle kultur og struktur for felles planlegging, behandling og kompetansedeling på tvers 3. Tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonane
Auka verdiskaping	1. Endringskultur og realisering av gevinstar 2. Pasientmedverknad og eigeninnsats 3. Automatisering og teknologidrivne løysingar 4. Betre oppgåveplanlegginga, identifisere og automatisere ressurskrevjande prosessar
Forsking innovasjon og teknologi	1. Koordinert forskingsinnsats 2. Auke innovasjonsaktiviteten og praktisk bruk av forskning og teknologi
Våre medarbeidarar	1. Spesialisering, digitalisering og digital dialog 2. Aktivitets- og behovsstyrt bemanning 3. Byggje kultur og system for endring og kontinuerleg forbetring 4. Tverrfagleg samarbeid
Leiarskap	1. Endringsleiing og teknologi 2. Rekruttering og utvikling av leiarar og medarbeidarar 3. Samspel og nettverksutvikling 4. Utvikle effektive og involverande leiarprossessar med vekt på gode avgjersler og gjennomføringsevne

Administrasjonen vurderer at arbeid med oppfølging av noverande strategiplan har hatt god framdrift. Samstundes er det viktig å peike på at arbeid med systemendringar og utviklingsprosjekt (Libra, RBD, PCMS, KULE, ombygging av apotek) krev mye av ein relativt liten organisasjon. God implementering og gevinstrealisering av prosjekta er viktig for både kvalitet, HMS og økonomi. Dette får direkte verknad på kapasitet til å følgje opp andre tiltak i strategien. Ambisjonsnivå i revidert strategi bør såleis ta utgangspunkt i streng prioritering, med utgangspunkt i kapasitet og kva tiltak som blir vurdert som strengt nødvendige.

Vedlegg:

[1. SAV strategiplan 2018-23](#)